

Betre betalt i Omvikdalen

15.05.2011



Dette er i Omvikdalen

Får mjølkebøndene i Omvikdalen 50 øre meir for mjølka pr. liter enn bøndene i Uskedalen?

Fleire leesarar spør uskedalen.no om det etter å ha sett plakatar for bondeaksjonen i dei to dalane. Og dei vil gjerne veta kvifor det tydelegvis er ein viss skilnad.



Dette er i Uskedalen

På plakaten i Omvikdalens som står like ved  
Dimmelsvik Bil står det at bøndene der får kr. 4,50 per literen.  
På plakaten i uskedalen, som står på Sandabakkane står det  
at bøndene får 4 kroner literen.

- Er det verkeleg så stor skilnad på utbetalingsprisen i to dalar som  
ligg ved sida av kvarandre, spør ein forbrukar.

Han presiserer samstundes at han unnar mjølkeprodusentane kvart  
øre dei kan få.

Kva er forklåringa?

Det har vi spurt Olav Hjetland Bringedal om og han svarar:

- I Omvikdalens får dei sjølve svara på grunnen til at dei  
opererer med 4,50, men vi har i alle fall teke utgangspunkt i  
snittprisen i vårt distrikt i april og den var 4,05.

Det kan vera nyttig å minna om dei elementa som ligg til  
grunn for prisene.

Alle som leverar til TINE får ein basispris på 3,82 og tillegg hvis  
dei har elitemjølk.

Ein får trekk eller tillegg for fett og protein  
og ein får trekk hvis ein ikkje kan tilfredsstilla krava  
til kvalitetssikring på garden.

Prisen kan med andre ord variera endel..

Av Ola Matti Mathisen